



Ho har godt humør og tåler stress!

Om 4 dager skulle renoveringa av skulen vera gjort, men det er ikkje mogeleg. Den nye rektor Lilli Britt Urheim (43) sit førebels i eit salig kaos og tør ikkje sei kor stor forseinkinga vert. Men for ein amatør verkar det som om dei treng minst ei veke ekstra. Rektoren har hamna i ei rolle ho ikkje hadde rekna med - som byggjeleiar. Men likevel gler ho seg - med tanke på den fine skulen ho skal ha ansvar for. Og alt tyder på at ho ikkje har noko imot ekstra tidspress sjølv om dette er hennar rektor-debut.



Har hanna som byggjeleiar!

Lilli Britt er jondøl, nærare bestemt frå Kysnesstrand.

Ho tykte det var spanande å utnytta den siste utdanninga si som var studiet av leiing i skulen. Den avslutta ho i 2011 etter halvtanna år ved høgskulen i Haugesund.

No er ho lærar, it-ansvarleg og rådgjevar ved Hatlestrand skule.

Den nye rektoren har 4 gitar, som er 12, 14, 16 og 19 år og ettersom 2 av dei framleis er i ungdomsskulen

vil ho pendla frå Ølve der ho har budd sidan 1994,

Det tyder at ho har ein time på turen - hvis ferja er i rute! Og ho likar å køyra bil sjølv om ho trivs best med

fysisk aktivitet. Ho både sykklar og spring men ho har også ein annan hobby - ho likar å lesa krim!

Kor mange elevar det vert på den nye arbeidsplassen hennar kan ho ikkje svara på førebels, men det kjem nok til å liggja ein stad mellom 104 og 108. Det vert ein stor skilnad frå Hatlestrand reint pedagogisk: Her er det reine klassar medan fleire går saman på Hatlestrand. Som regel er det tredeling der.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen